

Sak 9: Gjennomgående medlemskap

Bakgrunn

Landsmøtet i Tønsberg 5. mai 2023 vedtok:

«Styret utreder innføring av gjennomgående medlemskap i lokalhistoriske lag knyttet til Landslaget for lokalhistorie, for behandling på neste landsmøte.»

Per 1. januar 2025 har Landslaget:

- 402 lokallag
- 15 region-/fylkeslag
- 83 lokallag som berre er med i eit regionlag
- 85 lokallag som er direkte medlem i Landslaget, ikkje i regionlag

På møtet med regionlagsleiarane på Gardermoen 28.10.23 la styret fram ei sak om gjennomgåande medlemskap. Saka vart drøfta grundig.

Det var stor semje blant regionlagsleiarane om at det ikkje ville vere rett å innføre gjennomgåande medlemskap i Landslaget.

Dette vart grunngjeve slik:

- Dei lokale historielaga er grunnlaget for organisasjonen.
- Organisasjonen har ikkje lik modell med tre nivå overalt.
- Det er ikkje lik kontingent i laga.
- Dei aller fleste enkeltmedlemmene er medlem i sitt lokallag, medan nokre er direkte medlem i eit region-/fylkeslag.
- Det kan føre til fråfall av medlemskap dersom det kjem innkrevjing frå sentralt hald.

Konklusjon

Styret fekk såleis samrøystes tilslutnad til at vi på Landsmøtet i 2025 skal legge fram ei sak om ikkje å gå inn for gjennomgåande medlemskap.

Styret drøfta saka i styremøte 28.10.23 (sak 61), og vedtok å leggje fram ei innstilling for Landsmøtet 2025 om at Landslaget ikkje går inn for gjennomgåande medlemskap.

Utkast til vedtak

«Styret vedtek sak om gjennomgåande medlemskap og legg saka fram for Landsmøtet.»